



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 21.02.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møte kl. 12.15	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leder	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Øyvind Festø	Jørgen Amdam	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Sakshandsamar PS 33/17, 34/17 og 35/17
Henrik Skovly	Økonomisjef



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 31/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 32/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 33/17	Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Jopllassen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid
PS 34/17	Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.
PS 35/17	VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - førehandsgodkjenning - lånegaranti - kommunalt tilskot
PS 36/17	Korrigerering av budsjett 1.kvartal 2017
OS 45/17	Refinansiering av låneopptak

PS 31/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ettersending av dokument 16.02.2017:

- VTI Fotball – utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion – førehandsgodkjenning – lånegaranti – kommunalt tilskot.

Ettersending av dokument på møtedagen:

- Møteprotokoll frå sist møte, den 14.02.2017.
- Korrigerering av budsjett 1. kvartal 2017.

Merknad til innkallinga:

- Gunnar Strøm kom med merknad om at ettersending på møtedagen er uheldig.

Sakliste:

Ordføraren kom med framlegg om at dei ettersende sakene vert sett på saklista.



VOLDA KOMMUNE

Rådmannen kom med framlegg om at orientering om refinansiering av låneopptak vert sett på saklista.

Røysting (åtte røysteføre):

Innkalling, med merknad frå Gunnar Strøm, vart samrøystes godkjent.
Saklista, med tillegg frå ordføraren og rådmannen, vart samrøystes godkjent.

PS 32/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Møteprotokollen vart ettersendt på møtedagen.

Ordføraren reiste spørsmål om møteprotokollen var korrekt i sak PS 29/17, første setning i framlegget frå Jørgen Amdam:

Jørgen Amdam foreslo at Kari Hasle som leiar til temakomite heraldikk/namn.

Formannskapet var samde om at rett formulering skal vere:

Jørgen Amdam foreslo Jon Tvinneim som leiar for temakomite heraldikk/namn og Kari Hasle som medlem.

Øyvind Festø kom med følgjande merknad i sak PS 28/17, røysting over framlegget frå Odd A. Folkestad. Siste setning skal vere *5 røysta mot*.

Røysting (åtte røysteføre):

Møteprotokollen frå sist møte den 14.02.2017 vart godkjent, med endringar frå ordføraren og Øyvind Festø.

PS 33/17 Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplussen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
- 2. Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.*



VOLDA KOMMUNE

- 3. Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

Handsaming:

Sølvi Dimmen møtte kl. 12.15, det var ni røysteføre i framhald av møtet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 21.02.2017:

- 1. Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
- 2. Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.*
- 3. Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

PS 34/17 Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austefjorden, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.

Handsaming:

Sakshandsamar Per Heltne orienterte om saka.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:



VOLDA KOMMUNE

Sidan mange av hyttetomtene er utskilde frå gbnr 74/4 bør traseen leggest på denne eigedommen og ikkje på naboteigen. Ein bør også når det er mulig unngå nedbygging av dyrka areal. Formannskapet ber difor om at starten av vegen vert lagt over gbnr 74/4 i staden for på vestsida av garasja.

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Odd A. Folkestad røysta imot.

Vedtak i Formannskapet - 21.02.2017:

Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austeffjorden, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.

PS 35/17 VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - førehandsgodkjenning - lånegaranti - kommunalt tilskot

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*
- 2. Garantien vert gjeven på slike vilkår:*
 - a) Garantien er ein simpel kausjon.*
 - b) Garantien gjeld for inntil 10 år*
 - c) Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget, slik skissert i nedbetalingsplan som fylgjer saka.*
- 3. Pkt. 1 i kommunestyret sitt vedtak i sak 146/16, frå møte den 24.11.2016 vert gjort om inkje .*

Handsaming:

Saka vart ettersendt 16.02.2017.

Sakshandsamar Per Heltne orienterte om saka.

Øyvind Festø, MND, kom med slikt fellesframlegg, nytt punkt 2 d, på vegne av MDG og SV:

2 d: På den nye bana skal det nyttast granulat av ein type som ikkje vil bli brutt ned til mikroskoplast i naturen.

Øyvind Festø kom med slikt framlegg:



VOLDA KOMMUNE

Saka vert utsett.

Røysting utsettingsframlegg:

Utsettingsframlegget fekk to røyster (Øyvind Festø og Gunnar Strøm) og fall. Sju røysta imot.

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om prøverøysting.

Dan Helge Bjørneset trekte framlegget om prøverøysting.

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 d, fellesframlegget frå MDG og SV, fekk to røyster (Øyvind Festø og Gunnar Strøm) og fall. Sju røysta imot.

Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Øyvind Festø røysta imot.

Tilråding i formannskapet - 21.02.2017 til kommunestyret:

- 1. Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.**
- 2. Garantien vert gjeven på slike vilkår:**
 - a) Garantien er ein simpel kausjon.
 - b) Garantien gjeld for inntil 10 år
 - c) Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget, slik skissert i nedbetalingsplan som fylgjer saka.
- 3. Pkt. 1 i kommunestyret sitt vedtak i sak 146/16, frå møte den 24.11.2016 vert gjort om inkje .**

PS 36/17 Korrigerering av budsjett 1.kvartal 2017

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Midlane til kvalifiseringstiltak som vart løyvd i k-sak 48/16 (om fordeling av midlar til asyl-, busetjings-, og integreringsarbeidet) på kr 940 000 vert overført til 2017. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 2. Vertskommunetilskot i 2017 vert redusert til kr 1 471 603, som følgje av at Volda mottak vert lagt ned med verknad frå 01.03.17. Reduksjon av inntekter vert dekt ved reduksjon av utgifter innafor vertskommunetenestene sine tenesteområde.*
- 3. Tilskotet til Volda næringsforum vert auka frå kr 350.000 til kr 360.000. Finansiering vert ved bruk av kraftfondet.*



VOLDA KOMMUNE

- 4. Det vert sett av kr 40.000 til Kontrollutvalet sin disposisjon. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 5. Det vert løyvd kr 100.000 til utarbeiding av planprogram vedkomande kryssing av Voldsfjorden (Voldsfjordkryssing AS). Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt på møtedagen.

Rådmannen orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 21.02.2017 til kommunestyret:

- 1. Midlane til kvalifiseringstiltak som vart løyvd i k-sak 48/16 (om fordeling av midlar til asyl-, busetjings-, og integreringsarbeidet) på kr 940 000 vert overført til 2017. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 2. Vertskommunetilskot i 2017 vert redusert til kr 1 471 603, som følgje av at Volda mottak vert lagt ned med verknad frå 01.03.17. Reduksjon av inntekter vert dekt ved reduksjon av utgifter innafor vertskommunetenestene sine tenesteområde.*
- 3. Tilskotet til Volda næringsforum vert auka frå kr 350.000 til kr 360.000. Finansiering vert ved bruk av kraftfondet.*
- 4. Det vert sett av kr 40.000 til Kontrollutvalet sin disposisjon. Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*
- 5. Det vert løyvd kr 100.000 til utarbeiding av planprogram vedkomande kryssing av Voldsfjorden (Voldsfjordkryssing AS). Finansiering vert ved bruk av disposisjonsfondet.*

OS 45/17 Refinansiering av låneopptak

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om refinansiering av låneopptak.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om ekstern rådgivar i høve refinansiering av låneopptak. Rådmannen informerte om at det truleg vert utlyst konkurranse i løpet av året.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 13.25

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
21.02.2017

Sonja Håvik
konsulent